

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/4540-1

## **Fjord Norge as - fylkeskommunen sitt styremedlem**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som fylkeskommunen sitt medlem i Fjord Norge sitt styre vert oppnemnt: \_\_\_\_\_

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen er deleigar i Fjord Norge AS, og oppnemner eit medlem til selskapet sitt styre. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet peikar sjølve ut sine styremedlemer, medan medlemer frå reiselivsnæringa vert valde på generalforsamlinga. Det er hovudutval for næring og kultur som peikar ut fylkeskommunen sitt styremedlem. Det er i dag Endre Høgalmen som er fylkeskommunen sitt styremedlem. Han vart i 2018 valt for to år. Når han no tenkjer å gå ut av styret eitt år før tida har dette samanheng med at han skal ta til i ei leiarstilling i Vestland fylkeskommune der han m.a. vil arbeide med å forme den framtidige reiselivssatsinga i Vestland. Ved å gå ut av Fjord Norge sitt styre vil han stå friare i dette arbeidet.

### **2. Saksframstilling**

Fjord Norge AS marknadsfører Vestlandet i utlandet, og fylkeskommunen stør denne viktige innsatsen med vel 3 mill. kr. pr. år. Fylkeskommunen er også aksjonær i Fjord Norge, og har eitt styremedlem. Fylkeskommunen samarbeider elles nært med Fjord Norge, og gjennom samarbeid og styredeltaking held vi oss oppdaterte om marknadsarbeid og trendar – og drøftar sentrale problemstillingar. I mai 2016 oppnemnde hovudutvalet Endre Høgalmen som fylkeskommunen sitt styremedlem. Han avløyste Jan Heggheim, som sat i styret frå 2010. Og før det sat Velaug Veum i Fjord Norge sitt styre. Tre av Vestlandsfylka har lete seg representere med folk frå næringsadministrasjonen. Dette skuldast nok det nære faglege samarbeidet mellom fylkeskommunane og Fjord Norge, der styretilknytninga også er av ein fagleg og operativ karakter.

Nye Vestland fylkeskommune må vurdere storleiken på sitt eigarskap og korleis ein vil la seg representere i styret til Fjord Norge. Oppnemning og val våren 2019 går imidlertid etter dagens opplegg.

### **3. Vurderingar**

Den administrative styredeltakinga fungerer etter intensjonen, og det vert lagt til grunn at fylkeskommunen let seg representere med ein representant frå næringsadministrasjonen. Det har vore representasjon frå leiarnivå i næringsadministrasjonen.

### **4. Konklusjon**

Det vert lagt til grunn at det vert oppnemnd ein administrativ styremedlem i styret til Fjord Norge AS.